

KVINNEKLINIKKEN

UNDERSØKING I NARKOSE



VELKOMMEN TIL OSS

Dette er informasjon til deg som skal til undersøkning i narkose, med eventuell prøvetaking og cystoskopi.

I denne brosjyren får du informasjon om det som er viktig for deg å vite i samband med undersøkninga du skal gjennom. Undersøkning i narkose blir gjort for å kartlegge sjukdomstilstanden din, slik at vi i lag med deg kan planlegge den vidare behandlinga.

FØR UNDERSØKINGA

Faste

Du skal faste frå klokka 24.00 kvelden før undersøkninga. Det betyr at du ikkje kan ete, røyke, bruke snus, ete drops eller tygge tygggummi.

Du kan gjerne drikke vatn, saft eller buljong inntil klokka 06.00 sjølve undersøkingsdagen, om ikkje anna er avtalt med sjukepleiar.

Hygiene

Stell deg som vanleg om morgonen den dagen du skal til undersøkninga, men du skal ikkje bruke bodylotion, ansiktskrem, sminke, kontaktlinser, ha på deg neglelakk, smykke/piercing eller klokke denne dagen.

Verdisaker

Sjukehuset kan ikkje ta på seg ansvaret for verdisaker og vi rår deg derfor til å ta med deg minst mogleg verdisaker når du kjem til sjukehuset.

Undersøkninga

Blir gjort ved Operasjonsavdelinga på Kvinneklinikken
Du vil få ein kortvarig, lett narkose.

Undersøkninga blir utført i gynekologisk leie.

Det vil seie på same måte som når du er til undersøkning hos gynekolog. Ved mistanke om livmorhalskreft vil legen også sjå inn i urinblæra med eit cystoscop (eit tynt rør med kamera). Legen gjer ei grundig gynekologisk undersøkning og tek eventuelle prøver samstundes.



ETTER UNDERSØKINGA

Etter undersøkinga blir du liggande på oppvakingsavdelinga i om lag to timar før du kjem tilbake til sengeposten. Du vil då få drikke og etter kvart mat. Du bør ha følgje første gong du skal opp av senga.

Det kan skje at du får bløding frå skjeden den første veka etter undersøkinga. For å redusere infeksjonsfaren, bør du i denne perioden ikkje ha samleie, ta karbad eller bruke offentlege bad. Bruk heller ikkje tampong.

Komplikasjonar

I sjeldne tilfelle kan undersøkinga føre med seg følgjande komplikasjonar:

- Bløding under eller etter inngrepet
- Infeksjon i livmor eller urinblære
- Skade på livmora, blære eller tarm
- Ein svært sjeldan gong kan det oppstå problem med bedøvinga

Dei første 14 dagane bør du kontakte oss dersom:

- Du har feber over 38 grader som ikkje går over i løpet av to dagar
- Du har sterke magesmerter
- Bløding eller utflod utover vanleg menstruasjon


Du kan då ringe Seksjon for gynekologisk kreft Tlf.: 55 97 42 90

PLAN VIDARE

Det er vanleg å reise heim same dag som undersøkinga blir utført. Dersom det blir vurdert til at du skal opererast, vil du som regel få vite tidspunktet for operasjon før du reiser heim.



Vennleg helsing personalet ved
Seksjon for gynekologisk kreft.



Kvinneklinikken
Seksjon for gynekologisk kreft
Telefon 55 97 42 90

www.helse-bergen.no
Haukeland universitetssjukehus
Telefon: 05300